

Ny positiv gut har flytta inn på Stølen.

12.07.2017



Didar, ny positiv og arbeidsvillig gut på Stølen.

Det nærmar seg eit år sidan dei første gutane flytta inn i bufellesskapet på Stølen. Sist laurdag kom Didar frå Afghanistan, og han vert dermed den femte ungguten som bur der. Dei fire første har alt funne seg godt til rette og har vist seg å vera svært positive og arbeidsvillige tilflyttarar til bygda. Førsteintrykket av Didar er det same, ein positiv, arbeidsvillig, høfleg og målretta ungdom! Første ønsket hans no er å få ein liten sommarjobb slik som dei andre gutane. Dei ønskjer seg også fleire jobbar.

Didar (snart 16 år) er svært flink i norsk etter 1 år og 7 måneder her i landet. Han kom frå eit omsorgsenter på Gjøvik, og han likte seg svært godt der. Tidlegare var det svært mange som budde på omsorgsenteret, men no er mange flytta ut til kommunar slik at det berre er ca. 25 att. Han har fullført 9. klasse i vanleg ungdomsskule på Gjøvik. Også Abdul Ahad som har budd på Stølen i snart eit år, kom frå same omsorgsenter, og dei to gjekk faktisk i same klasse på ungdomsskulen i 6-7 månader.

No ser Didar fram til å bu her i bygda. Han ser svært positivt på det, for han har allereie høyrte mykje godt om Uskedalen, Kvinnherad og personalet frå dei andre gutane.

Når vi veit kor aktive dei fire andre på Stølen er i m.a. fotball og volleyball, er det naturleg å spørja om hans interesse for sport.

- Eg likar både volleyball og fotball, og eg spelte på eit fotballag på Gjøvik, fortel han på flytande norsk. Han seier vidare at han likar alt som er moro, og dei tilsette har alt lagt merke til at han er svært flink til å laga mat. Det gjeld også dei andre gutane på Stølen, og det får dei bruk for. Kjøkkenteneste går nemleg på omgang.

Men det er ikkje kokk han ser for seg som framtidig yrke. Det klare målet hans er å verta advokat, og dei som kjenner Didar har sagt at han kan nå dei måla han set seg. Dette er eit stykke fram. No er guten mest opptatt å få seg sommarjobbar til å fylla dagane med. Han nemner gardsarbeid, plenslåing, maling, båtpuss, rydding og anna. Han har veldig lyst å ha noko å gjera. Han har erfaring frå gardsarbeid på Gjøvik, og det likar han godt. Praksis frå frisør der han har rydda og hjelpte til har han og. Han har også skrive jobbsøknader slik dei andre hadde gjort tidlegare. Desse skulle han rundt å levera ut saman med ein tilsett etter at eg var gått.

Dei fire andre gutane som bur på Stølen har fått seg nokre jobbar. Dei er svært takknemlege overfor folk som har gjeve dei jobbar, men dei ønskjer seg meir jobb for dei har ledig tid.

Dei som har jobb å tilby gutane, kan ringa 901 42 485 eller 902 21 838. Det treng ikkje vera nokon stor jobb. Desse gutane set pris på å få noko å gjera.

Til slutt vil eg berre leggja til. Det er alltid så kjekt å koma innom og prata med dei!



Arbeidsvillige gutar: Didar, Ataullah, Abdul Ahad og Bashar. Ibrahim var bortreist då biletet vart teke.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat og Thor Inge Døssland

